# Faglege nettverk mellom kommunane og Helse Fonna

## MANDAT OG ORGANISERING

versjon 1, 03.2015

## Barn og unge

FOUSAM
Helsetorgmodellen

## Forklaring av forkortingar

SU: Samhandlingsutvalet (www.fousam.no)

FOUSAM: Forsking- og utviklingseining for samhandling (www.fousam.no)

## Overordna mål

Faglege nettverk vert oppretta for å sikre gode pasientforløp på tvers av nivå. Hovudfokus skal vere fagutvikling, pasientforløp og oppfølging av viktige områder i samarbeidsavtalane mellom føretak og kommunane. Nettverket skal óg ha oversikt på arena og kanalar for samarbeid på feltet.

## Organisering og forpliktelse for partane

- Samhandlingsutvalet (SU) etablerer og godkjenner faglege nettverk mellom kommunane og Helse Fonna, slik det er beskrive i samarbeidsavtalane.[1]
- Partane forpliktar seg til deltaking i nettverk som vert oppretta av SU.
- Medlemmene i nettverket er kontakt- og ressurspersonar for feltet i sin organisasjon.
  - Arbeidsgivar legg til rette for deltaking og korleis ressurspersonen skal nyttast i eigen organisasjon.
- Kvar part dekkjer utgifter til deltaking for sine tilsette. Brukarorganisasjonane dekkjer utgifter til deltaking for sine medlemmer, dei kan søkje dekning frå FOUSAM.
- Nettverket skal ha ein kontaktperson i FOUSAM.
- Nettverket skal bidra inn i utvikling av pasientforløp og tilhøyrande prosedyrar på tvers av nivå og i utforming av brosjyrar og undervisningsmateriell. SU kan via FOUSAM setje ned eigne arbeidsgrupper.
- Nettverket skal med bakgrunn i praksis og oversikt på meldte avvik, bidra til å avdekke flaskehalser og utfordringar i pasientforløpa. Ut frå fagleg kompetanse, erfaring og kunnskapsbasert praksis, skal nettverket komme med forbetringsforslag.
- Fagseminar og liknande skal arrangerast i samarbeid med FOUSAM.
- Nettverket skal utarbeide ein handlingsplan for kvart år og sende han til FOUSAM innan 30. november.
- SU vedtek satsingsområder for FOUSAM. Nettverket sin handlingsplan må vere i tråd med satsingsområda. SU kan óg bestille oppdrag hos nettverket via FOUSAM.
- Nettverket skal rapportere årleg utført aktivitet til FOUSAM, innan 31. januar.

[1] Tenesteavtale 6, punkt 2 og Tenesteavtale 2, punkt 11 www.helse-fonna.no/samhandling

- FOUSAM samlar rapporteringar frå alle nettverk og rapporterer vidare til SU innan 28. februar kvart år.

Ved etablering av nettverk, skal desse punkta avklarast og skriftleggjerast:

## Mål for nettverket

*Må ha fokus på gevinst for sluttbrukar (innbyggjar/ pasient/ brukar)*

Målet med nettverket er å bidra til koordinering av kompetansetilbod, utviklingsarbeid og tiltak/prosjekt, for slik å sikra likeverdige tenester til barn og unge i Helse Fonna sitt opptaks-område.

Nettverket skal sikre system for å bringe opp aktuelle tema for fellesprosjekt og ha oversikt på kompetansedeling og tilbod. Nettverket skal bidra til å avdekke flaskehalsar og over-lappande samarbeidsområder.

## Bakgrunn for etablering

*Beskrive kvifor nettverket vert etablert, med bakgrunn i fagmiljø og leiing si vurdering.*

I samband med FOUSAM si oppfølging av prosjekt og kontakt med ulike fagmiljø, har det kome opp ønskje om eit fagnettverk for dei som arbeider med barn og unge. I dag har Helse Fonna og kommunane mange kanalar for samarbeid om oppfølging av barn og unge og deling av kompetanse. Fagmiljøa ser det som nyttig og viktig med mangfald og variasjon i arbeidsform og kontakt, men har erfart at det kan bli dobbeltarbeid og mangel på oversikt i samhandlinga.

FOUSAM fremma difor sak til SU i møtet 18. mars 2014 om å etablere eit fagnettverk innan barn og unge. SU bad om vidare saksutgreiing med kartlegging av behov og forslag til mandat for eit slikt nettverk.

Det vart gjort ei kartlegging som gav oversikt på samarbeid og kontakt på systemnivå mellom kommunar og Helse Fonna. Kartlegginga viste at det er eit utstrakt samarbeid både innan kompetansedeling, kompetanseprogram/kurs/konferansar, utviklingsarbeid og prosjekt. Den viste vidare at dei ulike einingane i Helse Fonna veit lite om kvarandre sitt samarbeid med kommunane og at det manglar samordning innan alle desse samarbeidsområda.

## Grunnlagsdokument for etableringa

*Skal byggje på lover, forskrifter, retningslinjer, nasjonale handlingsplanar, samarbeidsavtalar og bestillardokument eller andre aktuelle dokument.*

- Samhandlingsreforma
- Samarbeidsavtalar mellom kommunar, HSH og føretak
- Rettleiar for psykisk helsearbeid innan barn og unge (2008)
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator (FOR-2011-12-16-1256)
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.(LOV-2011-06-24-30)
- Lov om spesialisthelsetenester (LOV-1999-07-02-61)

Opplistinga er ikkje uttømmande.

## Deltakarar i nettverket

*Skal synleggjere kven som deltek i nettverket: namn på kommunar, sjukehus, brukar-organisasjonar, faginstansar, faggrupper, kompetansesenter med meir.*

*Invitasjon til deltaking vert sendt ut via FOUSAM ved SU-koordinator, SU vedtek saman-setting ut frå kandidatar som er meldt inn.*

Nettverket er organisert som ei ressursgruppe med representantar frå partane og med ein kontaktperson i kvar organisasjon.

Helse Fonna

1 representant frå kvar av følgjande einingar/område: Barneseksjonen, Habiliteringstenesta, BUP Haugesund, BUP Stord/Kvinnherad, Barn som pårørande og Familieambulatoriet

Frå kommunane

2 representantar oppnemnt via Haugalandsløftet frå Hauglandskommunane

2 representantar frå Sunnhordland/Hardangerområdet

1 representant frå helsestasjonslege/kommunelege/fastlege

HSH

1 representant i nettverket

Brukarrepresentasjon

To brukarrerpresentantar oppnemnt via  Brukarutvalet i Helse Fonna

## Organisering av nettverket

Leiing

Nettverket konstituerer seg sjølve med utnemning av leiar- og nestleiar; éin frå kommune og éin frå føretak. Gruppa avtalar møteplan og frekvens etter behov.

Mandat vedteke i Samhandlingsutvalet 20. nov. 2014.

**FoU-enhet for samhandling**
ved Høgskolen Stord/ Haugesund
Bjørnsonsgate 39
5528 Haugesund
Telefon: 48 24 68 11
E-post: info@fousam.no
www.fousam.no